



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref  
25

Vår ref  
14/409

Dato  
13.08.2014

**Tilsegn om tilskot til lokalt trafikktryggleiksarbeid - Lindås kommune**

Vi viser til brev frå Lindås kommune av 3. juli 2014 med søknad om tilskot til lokale trafikktryggleikstiltak, samd rapportering for bruk av tilskotsmidlar tildelt i 2013.

Lindås kommune vart i 2013 tildelt eit tilskot på 500 000 kr gjennom tilskotsordninga for lokale trafikktryggleikstiltak for å styrkje det lokale trafikktryggleiksarbeidet i kommunen gjennom eit treårig prosjekt. Kommunen vart i tillegg same år utnemnd til 'Årets trafikk sikkerhetskommune' saman med Austrheim kommune, og fekk tildelt ein pris på 500 000 kr frå Samferdselsdepartementet.

Lindås kommune søker for 2014 om eit tilskot på 1 mill. kr for ein vidareføring av det lokale trafikktryggleiksarbeidet. Kommunen ønskjer å finansiere ein prosjektstilling på 50 pst. i tillegg til materiell, utstyr og annonsering i samband med trafikktryggleikskampanjar.


Samferdselsdepartementet tildeler Lindås kommune eit tilskot på 300 000 kr for 2014. Tilskotet inngår i tilskotsordninga for lokale trafikktryggleikstiltak.

Tilskotet skal nyttast i samsvar med opplysningane i søknaden frå kommunen, og kan bli kravd tilbake dersom det ikkje blir nytta som føresatt. Riksrevisjonen og Samferdselsdepartementet kan kontrollere bruken av tilskotet.


Tildeling av tilskotet forpliktar Lindås kommune til å gjere greie for framdrifta i prosjektet, og for bruken av tilskotet, innan juni 2015. Lindås kommune må skriftleg underrette Samferdselsdepartementet om vesentlege avvik frå oppgitte planar, det vil si dersom noko av teknisk, fagleg eller økonomisk art ikkje lar seg gjennomføre som planlagt. Kommunen pliktar å underrette departementet snarast mogleg etter kjennskap til slike avvik.

Denne avgjersla er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Klagefristen er tre veker frå underretning om vedtaket har kome fram. Ein eventuell klage skal rettast til Samferdselsdepartementet til førebuande klagehandsaming.

Med helsing



Anders R. Hovdum (e.f.)  
underdirektør

  
Solveig Høy Ingebrigtsen  
seniorrådgjevar